

Redaksjonelt

Hausten 2013 forsvann tidsskriftet Arkiv frå nettet. Alt publisert materiale vart utilgjengeleg, ikkje berre for lesarane men også for redaksjonen. Årsaka var at uklare rutinar for vedlikehald av programvare førte til at publiseringssløysinga ikkje lenger fungerte. Når tidsskriftet no er tilgjengeleg igjen, skjer det på ei publiseringssplattform som blir drifta av Læringscenter og bibliotek ved Høgskolen i Oslo og Akershus.

Som det høver seg eit arkivtidsskrift, var dei publiserte artiklane arkivert ein annan stad enn i den gamle nettløysinga. Dei fleste av desse blir no tilgjengelege på nytt, i ein volumstruktur etter det året dei først vart publiserte. På grunn av knappe ressursar har det vore nødvendig å gjere eit utval, og redaksjonen har prioritert fagfelleverderte artiklar og andre bidrag med størst aktualitet. Men det utvalet som er gjort er ikkje endeleg; dersom nokon saknar noko er det berre å ta kontakt med redaksjonen så kan vi etter kvart publisere meir.

I det nye volumet – 2014 – har vi gleder av å publisere tre fagfelleverderte artiklar av forfattarar i det norske arkivmiljøet: om kriteria for journalføring, om Noark-standardens utvikling, og om Noark sin innverknad på bevaring av elektroniske arkiv, – i tillegg til ein artikkel av ein dansk kollega om erfaringane frå arkivbehandlingen i den danske kommunereforma. Artiklane behandlar tema som er viktige for heile arkivfeltet, og vi vonar at dei vil gi lesarane ny kunnskap, nye perspektiv og ikkje minst stimulere til debatt om dei spørsmåla dei reiser.

God lesnad!

Gudmund Valderhaug
Redaktør